



Statens vegvesen

FYRESDAL KOMMUNE
Klokkarhamaren 6

3870 FYRESDAL

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Carl Henrik Bjørseth / 40603339

Vår referanse:
26/8262-2

Dykkar referanse:
2025/1478-2

Vår dato:
23.01.2026

Varsel om reguleringsendring for delar av reguleringsplan for Molandsmoen industriområde – gnr. 38 bnr. 136 og 117 i Fyresdal kommune

Vi viser til høringa datert 12.01.2026 med forslag til reguleringsendring for Molandsmoen industriområde i Fyresdal kommune.

Saken gjeld

To tomter på Molandsmoen industriområde blir føreslått omregulert frå reguleringsføre mål industri til reguleringsføre mål datasenter.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FN's berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Enklare reisekvardag og auka konkurranse for næringslivet
- Bidra til oppfyljing av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde i trafikken
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Meir for pengane

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Kjelleveien 21A
3125 TØNSBERG

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Våre merknadar til planforslaget

Forslaget til endring rører ikkje ved nokre av Statens vegvesen sine ansvarsområde. Vi har ingen merknadar til planforslaget.

Med helsing

Espen Tonning
Seksjonsleiar

Carl Henrik Bjørseth

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR, Postboks 2076, 3103 TØNSBERG
TELEMAR FYLKESKOMMUNE, Postboks 2844, 3702 SKIEN